

0035

RA.J.nr. 1136/1945.

Går attende til statsarkivaren i Bergen.

./. Ein legg ved avskrift av påteikningsskriv 22. f. m. frå riksarkivaren til Justisdepartementet om innsending av arkivsaker frå Nedre Romerike sorenskrivarembete. I samsvar med det som er haldi fram der, meiner riksarkivaren at det ikkje bør verta spørsmål om å kassera dei nemnde arkivsakene frå Voss sorenskrivar-

embete før dei er innsende til Statsarkivet.

Ein bed om å få opplyst kva tid statsarkivaren meiner at
Statsarkivet kan ta mot nye avleveringar.

Riksarkivet, Oslo, 16. oktober 1945.

A. St.

1364/1945. Utg.

10. desember 1945.

Statsministerens rasjonaliseringsskomite,
herr statsråd Jens Chr. Hauge,
Forsvarsdepartementet,
Oslo.

Riksarkivaren vil få lov til å nemna ei sak som var oppe det siste året føre krigen, og som seinare har vori bortlagd.

Etter framlegg fra Kyrkjedepartementet vart det i 1940 sett fram proposisjon (St. prp. nr. 1, Kap. 23 og 2851, Kongelige og parlamentariske kommisjoner m. m., s. 11 f.) om å setja ned ei nemnd med dette mandatet:

"I. Å arbeide ut plan for en bedre ordning med arkivene i sentraladministrasjonen og ved statskontorene.

II. Å arbeide ut plan for kassasjon av eldre arkivsaker, og

III. Å arbeide ut plan for slike reformer i arbeidsordningen ved statskontorene at det kan bli råd å få skilt ut arkivsaker som senere skal kasseres."

Til ei slik nemnd vart for terminen 1940-1941 ført opp kr. 2500.

Kyrkjedepartementet opplyste i proposisjonen til budsjett for Arkivverket for 1940-1941 (St. prp. nr. 1 for 1940, Kap. 230, Arkivverket, s. 62) at alle departement var samde om at det burde setjast ned ei slik nemnd. Universitets- og fagskulekomiteen sa seg samd i framlegget (Budsjett-innst. S. nr. 24-1940).

I Administrasjonskomiteen fall framlegget med 4 mot 4 røyster, med di formannen Getz røyste mot. Fleirtalet fann "at denne komité må kunne utstå" (Budsjett-innst. S. nr. 4-1940, s. 4).

Til grunn for framlegget låg ei tilråding frå riksarkivaren, dagsett 10. oktober 1938. Ei avskrift av denne tilrådinga med ved-

legg (avskrift av brev frå riksarkivaren til Kyrkjedepartementet
./. 8. oktober 1928, noko avstytt) fylgjer hermed.

Riksarkivaren tek ikkje framlegg opp att i år, men vil
reisa det spørsmålet om ikkje Statsministerens rasjonaliserings-
komite burde verta supplert med ein representant for Arkivverket
når det skal arbeidast ut planar for arkivskipnaden ved stats-
kontora.

A. St.

46/1947.

14. januar 1947.

Bergen kommune,
Finansrådmannen,
B e r g e n .

Kassasjon av arkivsaker. Svar på brev av 9. januar 1947.

Riksarkivaren har etter anmodning fra Justisdepartementet skrevet en veileder i ordning og oppbevaring av kommunale arkiver. Veilederen, som ennå ikke er trykt, inneholder bl. a. et stykke om kassasjon av arkivsaker. En kan nevne enkelte punkter:

Etter den regel at en ikke trenger å ha samme opplysning på flere steder i samme arkiv, er det vanlig at en kasserer regnskapsvedlegg når en ikke lenger kan få bruk for kvitteringene, dvs. når alle krav er preskribert. En bør likevel ikke kritikklost kassere alle regnskapsvedlegg etter hvert som de blir gamle nok til det. Ved siden av rene kvitteringer o.l. kan det finnes papirer som inneholder viktige saklige opplysninger, og som derfor bør gjemmes. Av hensyn til senere tiltak og til lokalhistorisk granskning bør en også ta vare på regnskapsvedlegg som gjelder enkelte større tiltak, f.eks. bygging av kirker, skolehus og sykehus.

Om selvangivelser har byskatteloven en bestemmelse om at de kan kasseres etter et visst antall år.

Kan en skille ut dubletter (ekstra-gjennomslag, stensilerte kopier, avskrifter), unsidelige tryksaker, verdilös forretnings-

✓
reklame o.l. fra de forskjellige gruppene av arkivsaker, kan en vel vinne inn en del plass; men resultatet bør stå i et visst forhold til den tid arbeidet med en slik utskilling tar.

Å oppbevare folketellingslister for hvert år skulle være unødvendig. En går ut fra at den statistiske bearbeidelse av listene foreligger; men listene vil jo dessuten alltid (som tillegg til de offentlige folketellingen hvert tiende år) ha en viss interesse for genealoger og lokalhistorikere. En vil derfor foreslå at listene for f.eks. hvert femte år blir bevart, mens de andre årgangene blir kassert.

Ellers vil en rå til at herr finansrådmannen konfererer med statsarkivaren i Bergen om de enkelte konkrete tilfelle.

9.34